



Thomas Nordahl og Marit Solheim  
Skarsvegen 246  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3151 - 17/31950

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

08.11.2017

## Førebels svar- trong for tilleggsopplysning - gbnr 144/36 Førhovden

Tiltak: Søknad om arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 144/36 Skarsvegen 246  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.10.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som skal overførast ligg per i dag på ei tomt som er nytta til heilårsbustad. Dette skal no overførast til ei fritidseigedom. I kommuneplanen er dette området i sin heilhet sett av til heilårsbustader. For at vi skal kunne handsame Dykkar søknad må den supplerast med ei søknad om dispensasjon i frå planføremålet i kommuneplanens arealdel. Vi gjer merksem på at søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det går fram kva det søkjast dispensasjon i frå og at søknaden må vere grunngjeve. Vidare er det krav til nabovarsle av dispensasjonssøknader.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.12.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1 og forvaltningslova § 11a.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Otto Andersen

Elvegaten 2

5036

BERGEN

Thomas Nordahl og Marit Solheim

Skarsvegen 246

5911

ALVERSUND